



KONTROLLUTVALET I OSTERØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 21. februar 2018 kl. 12.00 – ca. 15.00
Stad: Formannskapssalen, Kommunehuset

Tilstade: Atle Reidar Eide (leiar), Ole Johannes Mjøs (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), Audun Mosevoll (medlem) og John Tysse (medlem)

Forfall:

Innkalla: Ordførar Jarle Skeidsvoll og rådmann Ingvild Hjelmtveit til sak 04/18

Frå revisjon:

Sekretær: Øivind Olsnes

01/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling i møte:

Ole Johannes Mjøs etterlyste sak med orientering om teknisk forvaltning. Sekretær / rådmann orienterte om bakgrunn for at orienteringa er utsett til neste møte.

Audun Mosevoll orienterte om at han hadde levert inn interpellasjon til heradsstyremøte den 21.02.18 vedkomande utarbeiding av etiske retningslinjer.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent

02/18 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møtet 28.11.2017

I møteutskrifta, som vart sendt ut etter sist møte, var det feil møtedato (21.11.17) på 1. side, men er i vedlegg korrigert til rett dato.

Behandling i møte:

John Tysse hadde følgjande merknad til sak 44/17: «Kan ikkje sjå at det er samsvar i det som ligg i dokumentene og den orientering som avdelingsleiaren kom med»

Framlegg til vedtak:

Møteutskrift frå møte 28.11.17 er godkjent med korrigert dato.



Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 28.11.17 er godkjent med korrigerert dato.

Protokoll-tilførsel frå John Tysse : «Kan ikkje sjå at det er samsvar i det som ligg i dokumentene og den orientering som avdelingsleiaren kom med»

03/18 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a) Nordhordland kemnerkontor – Årsrapport for 2017
- b) Fylkesmannen i Hordaland. Rapport tilsyn med Lindås kommune, Nordhordland legevakt 2017
- c) Svarbrev frå Lindås kommune datert 19.01.2018 vedkomande tilsyn Nordhordland legevakt.
- d) Kontrollrapport 2017 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Osterøy kommune

Behandling i møte:

Svarbrev frå Lindås kommune vedkomande tilsyn Nordhordland legevakt og Kontrollrapport 2017 vedkomande skatteoppkreverfunksjonen for Osterøy kommune vart delt ut i møtet.

Sekretæren orienterte kort om ulike meldingar

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

04/18 Orientering / dialog med ordførar og rådmann

Saksopplysningar:

Ordførar Jarle Skeidsvoll og rådmann Ingvild Hjelmtveit er innkalla i saka for orientering / dialog med kontrollutvalet.


Rådmannen vil mellom anna orientere om:

Planlagt arbeid /prosess for omstilling og moglege endringar i organisasjonen

Behandling i møte:

Rådmannen orienterte om følgjande:

- Har ein organisasjon som har vore prega av knappe ressursar over tid
- I 2017 har rådmannen hatt fokus på å bremse meirforbruk i drifta



- Rekneskapet for 2017 ser ut til å kome ut i balanse/eit lite pluss
- Må framover gjennomføre arbeid /prosess for omstilling og rigge organisasjonen for å møte framtidige utfordringar
- Mål å nytte fleire full-elektroniske løysingar og digitalisere oppgåver
- Legg kommuneplanen til grunn for å styrkje tenester og styre ressursane
- Oppfølginga av hendinga med ras på Votlo har vore ressursmessig krevjande
- Vil leige ut personar til prosjekt på einskilde område
- Vil føreta ulike endringar i personale og tenester på ulike fagområde
- Behov for å styrkje den digitale opplæringa i grunnskulen
- Status for prosessar med bemanningsendring i 2018

Ordførar orienterte mellom anna om:

- Utarbeidinga av etiske reglement er i ein sluttprosess
- Interkommunal plan for sjøareal – retningslinjer
- Interkommunalt IKT-samarbeid
- Disponering av ressursar innan Vest politidistrikt
- Ulvsnesøya si framtid
- Legevaktsamarbeid med Samnanger/Kvam/Vaksdal

Ordførar og rådmann svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tok opp ulike spørsmål for plansak ang. Gnr 110 / 13 (Raknes) og byggesak i Mjeldalen «Aasheimsaka» .

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for god informasjon og tek orienteringane til vitande.

05/18 Kontrollutvalet si årsmelding for 2017

Saksvedlegg:

Framlegg til årsmelding 2017 for kontrollutvalet

Saksopplysningar:


Sekretariatet sitt framlegg til årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2017 var sendt ut med innkallinga. Årsmeldinga skal gå som eigen rapport til kommunestyret for slik å synleggjere arbeidet til kontrollutvalet i året som er gått.

Behandling i møte:

Årsmeldinga vart gjennomgått i møtet og det vart føreteke nokre endringar

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2017 slik den ligg føre.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner kontrollutvalet si årsmelding for 2017 med dei endringar som vart føreteke i møtet.

06/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysningar:

Møtebøker frå politiske utval ligg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider

Behandling i møte:

Audun Mosevoll ønskte å ta opp «Aasheimsaka» under eventuelt

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

07/18 Eventuelt

Behandling i møte:

Innspel til kontrollutvalet:

Sak ang. Gnr 110/13 og diverse tomter - Andreas Raknes med fleire

Det er sendt eit brev datert 19.12. 2017 til kontrollutvalet vedkomande klage i ei plansak. Sekretariatet for kontrollutvalet mottok brevet den 12.02.18. Denne saka har vore lenge under handsaming i kommunen. Klagen ligg utanfor kontrollutvalet sitt mandat/arbeidsområde. Fylkesmannen er klageorgan ved slike saker.


Oppfølging:

- Leiar sender eit førebels svarbrev
- Sekretæren førebur ei sak til neste møte der kontrollutvalet ser nærmare på prosessen ved saksbehandlinga.
- Administrasjonen vert kalla inn til gjennomgangen av saka.

Leiar i Bygdanytt: Behov for gjennomgang av Aasheim- saka

Oppfølging:

Kontrollutvalet førespør revisjonen om ein gjennomgang av saksprosessen.



Steinknuseverk - konto

Oppfølging:

Kontrollutvalet førespør revisjonen om ein gjennomgang av prosessen ved utbetaling/avvikling av konto.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber leiar/sekretær førebu oppfølging av ovan nemnde saker

Neste møte i kontrollutvalet er 25. april kl. 12.00

Saker til neste møte:

- Uttale til rekneskap og årsmelding 2017
- Orientering om økonomisk status 2018 for kommunen
- Orientering om teknisk forvaltning

Osterøy, 21. februar 2018

Atle Reidar Eide, leiar

Øivind Olsnes, sekretær

